



Notat

Dato: 29.04.2015
Arkivsak: 2015/35483548-1
Saksbehandlar: bjomidt

Spørsmål frå Tom Skauge (SV)

I samferdselsutvalet 11.1.2015 stilte Tom Skauge (SV) følgjande spørsmål:

«Det er stor aktivitet for å fremja nye planar om veg i Hordaland. Kan administrasjonen lage eit samla oversyn over planar om veg og bane som er fremja av statlige, kommunale aktørar eller lobbysekskap med prisanslag?»

Svar frå fylkesrådmannen

Nasjonal transportplan 2014 - 2023

Statlege planar om veg og bane i Hordaland, som er prioriterte i Nasjonal transportplan, finn ein i handlingsprogramma til Statens vegvesen og Jernbaneverket :

http://www.vegvesen.no/attachment/587949/binary/939800?fast_title=Handlingsprogrammet+2014-2017.pdf

<http://www.jernbaneverket.no/no/Prosjekter/Utreddinger/Handlingsprogram/Jernbaneverkets-handlingsprogram-er-fastsatt/>

Handlingsprogramma inneheld kostnadsoverslag og oversyn over finansieringskjelder. Hovudfokuset i handlingsprogramma er på første fireårsperioden av Nasjonal transportplan, men programma omtalar også planar for store prosjekt for siste seksårsperioden.

Nye statlege planar og utgreiingar

Planprogrammet for E39 Os - Stord vert no utarbeida i statleg regi. For E39 Heiane- Ådland vert det no utarbeidd ein kommunedelplan. Seinare i år vert arbeidet med eit planprogram for E39 mellom Stord og Bokn starta opp

Eit forprosjekt for framtidig Ringveg aust i Bergen er starta opp. Ringveg aust kan bli ein arm av E39 utanom Bergensdalen og kan koplatt saman med E39 Nyborgtunellen i eit ringvegssystem rundt Bergen sentrum. E39 Nyborgtunellen er føresett finansiert som eit prosjekt i ein seinare fase av ein eventuell Nordhordlandspakke.

Det er utabeida fleire KVVU-ar her i fylket, med ulike framtidige veg/bane konsept. For KVVU Arna – Voss, med E16 og Vossebanen, er det gjennomført KS1, men regjeringa har enno ikkje teke stilling til val av konsept. På E16 forbi Vossestrand vil Statens vegvesen ha ein ny kommunedelplan Sleen –Åsbrekkje.

KVVU for Hardangervidda vert lagt ut på høyring sommaren 2015. KVVU for logistikkknutepunkt Bergen kjem på høyring hausten 2015.

«Aust- vest utgreiinga», som fylkesutvalet gav uttale til 23.april, PS sak 92/15, skisserer ulike traseløysingar aust/vest over fjellet – men også moglege diagonalar i Hordaland mellom E39 og E134 og mellom

Bergensområdet og E134. I tillegg til diagonalalternativa som er omtala i utgreiinga, finst det skisser for andre diagonalar som inneber kryssing av Husnesfjorden eller kryssing av Ålfjorden.

Kommunale aktørar og fylkeskommunen

Kommunane arbeider saman med fylkeskommunen og Statens vegvesen for å realisera samferdselsprosjekt på riks- og fylkesvegnettet, ofte gjennom vegpakkar/bompengepakkar. Det er planar om Stordpakke, Tysnespakke og Kvinnheradpakke. Nordhordlandspakken vert på nytt lokalpolitisk handsama april/mai 2015. Det er også aktuelt å planleggja ny E39 gjennom/rundt Knarvik. Etne kommune arbeider for veg mellom Etne og Sauda.

Fylkesrådmannen har ikkje eit samla oversyn over kommunane sine planar for kommunale vegar i fylket.

Fylkesvegprosjekta vart ikkje etterspurd i spørsmålet frå Skauge, men t.o. finn ein Regional transportplan med handlingsprogram og Plan- og byggeprogram for 2015 her:

<http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Publikasjonar/kategoriar/#Samferdsel>

Ein prosjektoversikt for Bergensprogrammet finn ein her:

<http://bergensprogrammet.no/prosjekter>

Fylkesrådmannen viser elles til at HFK held på med å utarbeida ein moglegheitsstudeie for tverrsamband til E39 sør for Bergen, med moglege tilknytningar til E39 frå Kvinnherad, Fusa og Austevoll.

Masfjordbrua, Fjellbergsambandet, Lerøy/Bjelkarøy, Huglo/Skorpo er andre sjøkryssing/bruprojekt i fylket.

Andre aktørar

Det finst fleire lobby/interesseselskap, med privat/kommunalt/fylkeskommunalt eigarskap som arbeider for å realisera ulike veg- og baneprojekt i Hordaland og over fylkesgrensene t.d.:

Kystvegen <http://kystvegen.no/>

Hardangerviddatunnelen: <http://www.hardangerviddatunnelen.no/index.html>

IS Fjordvegen <http://fjordvegen.no/>

Stamvegutvalet <http://www.stamvegutvalget.no/>

IS Rv7 <http://www.rv7.no/>

Haukelivegen AS <http://www.haukelivegen.net/>

Vegforum Øst – Vest <http://www.vegforumov.no/>

Sambandet Vest <http://www.regionradetvest.no/oppstart-av-tverrsamband-i-2020>

Vegsamarbeid Hordaland AS <http://www.sunnhordland.no/article/20150202/LESARBREV/150209995>

Forum Nye Bergensbanen <http://nyebergensbanen.no/>

Norsk bane/Lyntogforum- Vestlandsbanen <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=2>

Lista er ikkje fullstendig. Det finst t.d. ein del facebook grupper som fremjer mindre lokale prosjekt for trafikkisikring, vegutbetringar osv.